

■ PRISAR PÅ OVERNATTING OG PENSJON

PRISAR PR NATT

	1 døgn	2 døgn	3 døgn
Pr person i dobbelt medium rom	kr 2030,-	kr 1725,-	kr 1550,-
Pr person i dobbelt De Luxe rom	kr 2230,-	kr 1925,-	kr 1750,-
Pr person i De Luxe 7. etasje	kr 2380,-	kr 2075,-	kr 1900,-
Pr person i De Luxe 7 plus	kr 2530,-	kr 2225,-	kr 2050,-
Pr person i junior suite	kr 2530,-	kr 2225,-	kr 2050,-
Pr person i suite	kr 2930,-	kr 2625,-	kr 2450,-
Tillegg for enkeltrom	kr 300,-	kr 300,-	kr 300,-
Superior Suite for to personar	kr 7060,-	kr 6450,-	kr 6100,-
Superior Suite Skåla for to personar	kr 8560,-	kr 7950,-	kr 7600,-
Tillegg for lunsj ankomstdag	kr 270,-		

Prisane inkluderer opphald med fullpensjon, det vil seie grillparty på fredagskvelden og middagsbuffet dei andre kveldane samt frukost og lunsj neste dag.

Alexandra Bad & Spa

Alle buande gjestar har fri adgang i Alexandra Bad med boblebad inne og ute, vannsklie, barnebasseng, inne- og utebasseng med meir.

Inngang for buande gjestar (18-års grense) i vår Spa avdeling er kr 195,- pr dag i midtveke (måndag-torsdag) og kr 285,- pr dag i helgane (fredag-søndag).

Dette inkluderer fri bruk av stort terapibasseng, kaldvatnbasseng, saunaavdeling, opplevingsdusjar, avslapningsområde og delvis overbygd solterrasse med utandørs boblebad. Bestiller du behandling for meir enn kr 600,- er det fri inngang til Spa avdelinga same dag.

BARNEPRISAR (i same rom som foreldra)

0 - 5 år	gratis, kr 275,- pr døgn for ekstraseng
6 - 10 år	kr 475,- pr døgn inkl. ekstraseng og pensjon
11 - 15 år	kr 575,- pr døgn inkl. ekstraseng og pensjon

Ikkje-buande deltakarar

Dagmøtepakke inkl. lunsj og kaffipausar	kr 450,-
Middagsbuffet	kr 515,-
Grillparty fredag kveld	kr 625,-

■ FORSLAG TIL AKTIVITETAR OG UTFLUKTER

Turforslag 1

Fottur til Skålatårnet som ligg 1848 m.o.h.

Turforslag 2

Via Ferrata Loen. Dette er ei ny rute – ein kombinert fjell- og klatretur opp til Hoven, 1010 m, like bak hotellet. Det er naudsynt med guide og sikringsutstyr, bestilling gjennom hotellet. Meir informasjon på www.loenactive.no

Turforslag 3

Stryn Sommarski. Les meir på www.facebook.com/strynsommerski eller her: www.strynsommerski.no/

Elles kan ein føreslå:

- Alexandra Spa tilbyr 60 ulike behandlingar, tre ulike saunaer, kuldebasseng og terapibasseng. SPA-behandling bør bestillast på førehand, tlf. 57 87 50 83.
- Tur til Briksdalsbreen.
- Tur til Jostedalbreen Nasjonalparksenter på Fosnes, ca 30 min med privatbil frå hotellet.
- Tur til Lodalen med Lovatnet, Kjenndalsbreen og Bødalsbreen.
- Tur til Singerheimen og Singersamlinga i Olden. (William Henry Singer 1868 - 1943, "Stillhetens og stemningens maler").
- Handletur til Ricco Vero, Skogstad Sport og Moods of Norway, alle med butikkutsal både i Olden og Stryn.

Ta kontakt med resepsjonen for meir informasjon !

Spørsmål om Loenmøtet kan rettast til:

Lene Storevik Dvergsdal, tlf. 995 06 184 E-post: lenesdve@gmail.com
eller Kjell Thue, tlf 57 86 84 60 (a) E-post: kjell.thue@eninvest.net

Loenkomiteen 2014

Lene Storevik Dvergsdal, Jon Reidar Eikås, Ola-Andreas Hauge, Inken Henning, Elisabeth Nordahl, og Kjell Thue.

Kurs og møte i Loen

Læring og opplevingar i makelaus natur !



Hotel Alexandra

- eit av dei beste konferansehotella i Norge -
gjev deg opplevingar som du knapt finn maken til.

Alexandra Bad & SPA

Stort innan- og utandørs badeanlegg.
Oppvarma heile året. Spa-avdeling med ei rekkje
kropps- og velværebehandingar.

Hotel Alexandra, 6789 LOEN - NORDFJORD
Tlf: 57 87 50 00 Fax: 57 87 50 51

www.alexandra.no

TIL LOEN KAN EIN REISE MED:

- BIL
(6-7 timar frå Oslo,
4,5 timar frå Bergen).
- EKSPRESSBUSS
- FLY
Til Sandane Lufthamn (70 km)
til Ørsta/Volda lufthamn (75 km)
til Førde lufthamn, Bringeland (125 km)
til Ålesund lufthavn, Vigra (153 km + ferje)
Avstand til Hotel Alexandra i parentes
Hotellet har henteservice på flyplassane,
for bestilling ring 57 87 50 00.





23.-24. MAI 2014
HOTEL ALEXANDRA, LOEN

LOENMØTET
2014

eit steg vidare

VELKOMMEN

Sogn og Fjordane og Sunnmøre tannlegeforeningar ynskjer alle kursdeltakarar, foredragshaldarar og utstillarar velkomne til **LOENMØTET** – også i år på **HOTEL ALEXANDRA** – dette flotte hotellet i Nordfjord.

Her får du fagleg påfyll, kombinert med eit godt kollegialt samvær, og vil du utfordre det sportslege i deg, er det mange høve til det. Vi vil oppfordre alle til å sjå nærare på det nye konseptet med Via Ferrata Loen – ein luftig fjelltur med eit fenomenalt utsyn over fjordlandskapet. Så set av denne weekenden og ta med heile tannhelseteamet til nokre hyggjelege dagar på **LOENMØTET 2014**.

■ MØTEPROGRAM

Fredag 23. mai

- Kl 09.00 – 09.30 Registrering
Kl 09.30 Opning av Loenmøtet 2014
Kl 09.45 – 10.30 **KURS 1: Behandling av det slitte og eroderte tannsettet**
ved Overtandlege Ulla Pallesen
KURS 2: Røntgen i den kliniske kvardagen
ved Grethe Blindheim og Siren Skaale
Kl 10.30 – 11.00 Pause/dentalutstilling – Kaffi med rundstykke
Kl 11.00 – 11.45 Kurset held fram
Kl 11.45 – 12.00 Pause/dentalutstilling
Kl 12.00 – 12.45 Kurs
Kl 12.45 – 13.45 Lunsj
Kl 13.45 – 14.30 **KURS 3: Symptomgjevande dentin-infraksjonar**
ved Overtandlege Ulla Pallesen
Kl 14.30 – 15.15 Pause/dentalutstilling – Kaffi med frukt
Kl 15.15 – 16.15 Kurs
Kl 18.00 Aperitiff
Kl 18.30 Grillparty i Alexandras hage

Laurdag 24. mai

- Kl 09.00 – 09.45 **KURS 4: Protetikk i kvardagen**
ved Harald Nesse og Martin Kleven
Kl 09.45 – 10.00 Pause/dentalutstilling
Kl 10.00 – 10.45 Kurset held fram
Kl 10.45 – 11.30 Pause/dentalutstilling – Kaffi – Utsjekking av rom
Kl 11.30 – 12.15 Kurset held fram
Kl 12.15 – 12.30 Pause/dentalutstilling
Kl 12.30 – 13.15 Kurset held fram
Kl 13.15 Avslutning – Lunsj

■ KURS 1

NON-INVASIV BEHANDLING AV DET SLITTE OG ERODERTE TANNSETTET

Erosjonar og slit av tenner er i dag eit veksende problem for både unge og eldre pasientar. Det er viktig for pasienten at problema vert diagnostisert tidleg med tanke på å få sett i gang førebyggjande behandling. Likevel ser ein mange pasientar med store erosjon- og tannslitskader der det er naudsynt med gjenoppbygging av tannsettet. Dette vert ofte svært dyrt for pasienten, og ei krevjande og vanskeleg behandling for tannlegen å utføre.

Adhesivteknikken har i dag gjort det mogeleg å rekonstruere sterkt nedslitte og eroderte tannsett etter non-invasive prinsipp. Slike behandlingar, både med og utan bittheving, kan ofte gjerast direkte med kompositt og keramiske skalkroner. Slik kan omfattande protetisk restaurering i mange tilfelle unngåast, samtidig med at ein tek biologiske omsyn til pulpa og periodontium.

KURSGJEVAR:

*Kurs 1 og 3 ved Ulla Pallesen,
Overtandlæge i Cariologi og Endodonti,
Tandlægeskolen, Det Sundhedsvidenskabelige
Fakultet, Københavns Universitet*



■ KURS 3

SYMPTOMGJEVANDE DENTIN-INFRAKSJONAR

Når tenner med sprekker gjer vondt, kva gjer tannlegen då?

Symptomgjevande sprekker/infraksjonar i dentinet i elles tilsynelatande ikkje-behandlingstrengande tenner er eit aukande problem. Etter karies og periodontitt er fraktur av tannsubstans den vanlegaste årsaka til tanntap.

Når frakturen er fullstendig og ein del av tanna manglar eller er bevegeleg, er diagnosen enkel. Ved ufullstendige frakturar kan diagnosen derimot vere vanskelegare. Pasienten kan klage over smerter, men er usikker på kva tann det er, om det er over- eller underkjeve. Tennene ser friske ut – røntgenbilete og vitalitetstest er ikkje til hjelp – ofte er det berre symptoma til pasienten som tyder på at noko er gale, slik at det å finne rett diagnose kan vere litt av ei utfordring.

Formålet med forelesinga er å hjelpe klinikaren å finne fram til teikn og symptom som er til hjelp for tidleg å kunne stille korrekt diagnose, og såleis kunne iverksetje korrekt behandling slik at ein unngår komplikasjonar.

■ KURS 2

RØNTGEN I DEN KLINISKE HVERDAGEN

- Røntgenapparatet-hva skjer når vi trykker på knappen?
- Hva ser vi på bildene- normalanatomi
- OPG - hvordan få et best mulig bilde
- Peilebilder - greit å ha peiling

Kurset er tilrettelagt for tannhelsesekretærer



KURSGJEVAR:

Grethe Blindheim.

Tannlege med eksamen frå Universitetet I Bergen 2002, erfaring frå offentlig og privat praksis. Spesialisteksamen i kjeve- og ansiktsradiologi 2012 ved UiB. Arbeider no som spesialtannlege ved UiB og radiolog ved TkVest.



KURSGJEVAR:

Siren Skaale.

Utdanna tannlege ved Universitetet i Bergen og spesialist i kjeve- og ansiktsradiologi. Arbeider i eigen allmennpraksis og som spesialtannlege ved UiB.

■ DENTAL- UTSTILLING

Utstillingsansvarleg:

Inken Henning

Kontakt Inken Henning

tlf.: 476 06 087,

E-post: inken.henning@gmx.net

■ BETALING

Betaling av kursavgift:

Kvar deltakar fyller ut sin eigen bank-gioblankett.

Send til Lene Dvergsdal, 6781 Stryn

Bankgirokonto: 3705.02.43738.

Hugs og skriv namn på deltakarar samt yrkestittel !!

■ KURS 4

PROTETIKK I KVARDAGEN

Korleis vil nye teknikkar innan avtrykk og framstilling påverke samarbeidet mellom tannlege og tannteknikar?

Ein vert stadig møtt med nye og utfordrande protetiske teknikkar og tanntekniske prosedyrar. Kva nye, om nokon, prosedyrar innan «konvensjonell protetik/tannteknikk» kan eg ha nytte av i kvardagen?

Kurset vil prøve å gje praktiske innspel på samarbeidet mellom tannlege og tannteknikar om ulike tema. Mellom anna vil ein kome inn på tilhøve ved materialval, både metall og kerambaserte konstruksjonar. Ein vil informere om ulikskapane mellom digitale og konvensjonelle avtrykksteknikkar, framstillingsteknikkar og kva utfordring dette vil bli i komande år. I tillegg vil ein prøve å setje fokus på nokre av problemstillingane og behandlingssvala ein møter i kvardagen; behandlingstilfilosofi, feilslag, tapt høgde i betet osv.



KURSGJEVAR:
Martin Kleven,
laboratoriesjef,
Tannlab AS



KURSGJEVAR:
Harald Nesse,
overtannlege,
seksjon for
oral protetik, UiB

■ KURSAVGIFT ■ PÅMELDING

Tannlegar kr 2.500,-
Tannpleiarar/tannhelsesekretærar/
tannteknikarar kr 1.500,-

**Tillegg ved påmelding/betaling etter
28. april kr 500,-**

Påmelding online via: www.loenmoetet.no
eller E-post: paamelding@loenmoetet.no
eller send til: Lene Dvergsdal,
Postboks 293, 6781 Stryn

Påmeldingsfrist og betalingsfrist: 28. april

Sjå websida www.loenmoetet.no for eventuelle endringar i programoppsettet.
